

Vedtekter for Syvde sogelag

Skipa 26. Nov. 1965

§ 1 Formål

Laget har til formål å vekkje og nøre sansen for slekt, segn og soge, oldsaker, gamle hus m.m., og få folk til å ta vare på alle minne om fortid og forfedrar.

§ 2 Medlemskap

Laget er ope for alle som sluttar seg til formålet og betaler kontingent etter reglar som vert fastsette av årsmøtet.

Medlemskap i laget er gyldig frå den dag første kontingent er betalt.

For å ha stemmerett på laget sine møte må eit medlem ha fylt 15 år.

Alle medlemmer som har stemmerett kan veljast til tillitsverv i laget.

§ 3 Kontingent

Kontingent vert fastsett av årsmøtet.

Medlemmer som skuldar kontingent for meir enn eit år, har ikkje stemmerett eller andre rettar, og styret kan stryke dei som medlem av laget. Vert eit medlem stroke, kan det ikkje takast opp att som medlem før skuldig kontingent er betalt.

§ 4 Årsmøtet

Årsmøtet er det høgste styringsorganet i laget.

Årsmøtet skal leiast av vald dirigent. Dirigenten treng ikkje være medlem av laget.

Vanleg årsmøte skal haldast kvart år innan utgangen av februar.

Saker til årsmøtet bør vere komne inn til styret seinast 1 veke før årsmøtet. Alle medlemer kan kome med saker og framlegg.

Årsmøtet er vedtaksført med dei som møter når årsmøtet er kunngjort med minst 2 vekers varsel.

Årsmøtet skal handsame desse sakene:

- Årsmelding
- Revidert rekneskap
- Kontingent
- Evt. plan og budsjett for neste år
- Innkomne saker
- Val av
 - styremedlemer - for 2 år.
 - leiar - for 1 år
 - 3 varafolk, som også fungerer som valnemnd, - for 1 år
 - 2 revisorar - for 1 år

§ 5 Ekstraordinært årsmøte

Ekstraordinært årsmøte vert halde når styret finn det naudsynt eller når minst ein tredel av dei stemmeføre medlemmene krev det.

Det vert kalla inn på same måte som for ordinære årsmøte med minst 2 vekers varsel.

Ekstraordinært årsmøte kan berre handsame og ta avgjerd i dei saker som er kunngjorde i innkallinga.

§ 6 Styret

Laget vert leia av styret som er laget sitt høgste organ mellom årsmøta.

Styret skal ha 5 medlemer med 3 varafolk. 1. varamann har møterett til styret.

Styremedlemer vert valde for 2 år. Kvart år går skiftevis 2 og 3 medlemer ut.

Styret

- vel sjølv nestleiar, skrivar og kasserar for 1 år om gongen.
- skal halde møte når leiaren fastset det eller eit fleirtal av styremedlemmene krev det.
- er vedtaksført når eit fleirtal av styret sine medlemmer er til stades. Vedtak vert gjeldande med fleirtal av dei avgitte stemmene. Ved likt stemmetal tel møteleiaren si stemme dobbelt.

§ 7 Styret sine gjeremål

Styret skal iverksetje årsmøtet sine vedtak og representere laget utad.

Styret syter for at midlane til laget vert forsvarleg ivaretekne, krev inn kontingent og legg fram årsmelding og rekneskap for årsmøtet.

Styret syter for å få kontaktmenn i bygdene som kan hjelpe til med å samle folkeminne og anna av historisk verd eller gje opplysning om kvar slikt finst.

§ 8 Møtebok

Styret skal syte for at det vert ført møtebok med alle vedtak på årsmøte, styremøte og medlemsmøte.

§ 9 Utbetalingar

Etter tilvising av leiaren dekkjer kasseraren dei naudsynte utbetalingar.

§ 10 Endring av vedtektene

Årsmøtet kan gjere endringar i vedtektene med 2/3 fleirtal. Framlegg til vedtektsendringar må vere sende inn til styret 1 månad føre årsmøtet, og gjerast kjende for lagsmedlemene seinast når årsmøtet vert kunngjort.

§ 11 Oppløysing av laget

Vert laget nedlagt eller vert arbeidet stogga av annan grunn, skal det kallast inn eit ekstraordinært årsmøte. Dette kan avgjere kva som skal skje med sogelaget sine verdiar.

Vedtekne på årsmøtet 10. mars 2000